

Hordaland Fylkeskommune

Os 02.05.2018

Søknad om Investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi.

Anlegg: Dobbelt fleirbruks Hall på Kuventræ i Os kommune.

Eigar: Os kommune

Søknadssum : 1.5 mill.

Beskrivelse av prosjektet:

Os kommune byggjer i desse dagar ny dobbel fleirbruks Hall på Os idrettspark Kuventræ som vert ferdigstilt Juli 2018. Hallen har vore planlagt sidan 2012 og er forankra i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, 2013-2020. I Os kommune er det 2 fleirbruksaller og med over 20.000 innbyggjarar så vil dette anlegget tilføre hallidrettane i Os betre treningsvilkår og nye arenaer for konkurransar.

Ny dobbel hall vert bygd saman med eksisterande hall og Osbadet.

Under etasje: Parkering ca. 90 plasser(380 totalt på området), areal for sykkel parkering, inngang til hall via kjeller til heis og trapperom.

1 etg: Dobbelt hallflate 45x48, lagerrom 150 kvm, 3 sett garderobar, vakerom, innkjøringsport, stort inngangsparti med foajé(vrimle -cafe areal).

2 etg: 140 kvm sosiale rom(etg), 3-400kvm tilgjengeleg areal til kontor+ ledig areal(ikkje definert), oppholdsareal mellom hallene, tribune ca. 240 plasser, teknisk rom.

Kostnader: Dobbelt hall ca. 50 mill., parkering+ utomhus ca. 15 mill.(kostnadsoverslag-vedlegg)

Finansiering: Godkjend investeringsramme- Os kommunestyre, 70 mill.(vedlegg)

Andre søknader til Fylket på anlegget: Spelemidlar til dobbel hall+ sosiale rom – 15.5 mill.



INSPIRERER

Brukargrupper i dagens hall er handball, volleyball, basket og turngruppe. Ved ny dobbel hall så vil kampsportgrupper, cheerleading, friidrett og andre som søker få tildelt halltid. Tildeling av tider vert gjort i løpet av mai av Idrettsrådet.

Kampsport: Dei største kampsportgruppene i Os er Os Taekwon-do Klubb og Os Kobudokan Karate klubb. Karate klubben har dei siste åra vore den største gruppa med 104 medlemmar. Klubben har stor variasjon mellom unge og vaksne samt eit godt trenarapparat. Medlemmar i klubben har dei siste 3 åra tatt fleire NM titlar samt ca. 10 EM og VM medaljar i ulike stilarter i Karate. Klubben er også ansvarleg for å halde regionale samlingar då initiativet og e trenerkompetanse ligg til klubben. Karate klubben var også arrangør av NM i Hakelandshallen, mars 2018.

Regional verdi: I dialog med leiar av Os Kobudokan Karate klubb så meiner dei at den nye hallen på Kuventræ vil føre til at dei både kan arrangere regionale og nasjonale meisterskap i Os. Forskjell frå dei andre arenaene i Hordaland er at dei får 3 hallflater i same konsept. Ny dobbel hall kan vera kamparena med både tilskodare på tribune og i hall, samt at dagens hall kan fungere som oppvarmingsarena før konkurranse. Dei meiner og at store fellesareal, mulighet for å bade samt at det er nytt gjer denne arenaen meir attraktivt for familiær å følgje sine utøvarar i meisterskap. Ved at anlegget kan tilby servering av varm mat, bademuligheter og gode oppholdsareal der ein kan trekke seg tilbake og slappe av gjer at ramma rundt denne type meisterskap vert styrka. Forhold ligg godt til rette for at utøvarane tek med familien sin, og tal på tilskodara aukar.

Dobbel hall og eksisterande hall vil også for handball, volleyball og andre hallidrettar få regional betydning. Ved å tilby 3 hallflater under same tak kan ulike ballidrettar arrangera store turneringar.

Med helsing

Tom Leonsen

Koordinator for idrett og friluftsliv

Os kommune